
Saksnr: 2025/36135-2
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		19.06.2025
Fylkesutvalet		21.08.2025

Høyring - forslag til bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til utkast til Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse miljøa.
2. Vestland fylkeskommune meiner at valet av dei tre deltemaa er tenlege, og ser positivt på at strategien set bevaring, bruk og utvikling i samanheng.
3. Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane som gjer dei meir operative i samspel med kvarandre.

Samandrag

I saka skal Vestland fylkeskommune ta stilling til framlegg til Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø. Riksantikvaren har sendt strategien på høyring med frist 13. juni 2025. Strategien har tre deltema, 1. Stedets identitet og særpreg, 2. Der vi møtes og 3. Der vi bor. Innan kvart deltema er det trekt fram prioriterte kulturmiljøtypar. Til grunn for val av deltema ligg aktuelle utfordringar og moglegheiter for samarbeid og samordna verkemiddelbruk. Bevaringsstrategien skal bidra til vern og bruk av prioriterte kulturmiljø.

Riksantikvaren ber om innspel til utfordringsbiletet, avgrensinga av strategien og til deltemaa med prioriterte område.

Rune Haugsdal
fylkesdirektørPer Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Høring av forslag til bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø.PDF
- 2 Bevaringsstrategi for bygders og byers kulturmiljø - Protokoll fra konsultasjon.PDF
- 3 Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø - høringsutkast.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Riksantikvaren har sendt *Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø* på høyring med frist 13. juni 2025 (vedlegg 1-3). Fylkeskommunen har fått utsett frist i saka til etter vedtak i fylkesutvalet. Saka er Vestland fylkeskommune sitt svar på høyringa.

Å utvikle bevaringsstrategiar er eit oppdrag Riksantikvaren har fått frå Klima- og miljødepartementet (KLD), og er ei oppfyljing av Meld. St. 16 2019-2020 Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald.

Fylkesutvalet har tidlegare vedteke fråsegn til fyljande bevaringsstrategiar:

- Overordna bevaringsstrategi (fekk seinare namnet Rammeverk for bevaringsstrategier) sak PS 303/2022
- Riksantikvaren sine forslag til tema for bevaringsstrategier PS 89/2023
- Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø PS 97/2024
- Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø PS 133/2024

Totalt skal det utarbeidast fem bevaringsstrategiar som skal famne breidda i kulturmiljøpolitikken. Riksantikvaren har no to bevaringsstrategiar på høyring; *Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø* og *Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø*. Bevaringsstrategiane for kystens og landbrukets kulturmiljø er allereie vedtekne og har Barne- og familiedepartementet, har utarbeida *Bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kirkebygg* saman med Riksantikvaren.

Om Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø

Avgrensing: Bevaringsstrategien omfattar heile landet og har ikkje avgrensa tidshorisonten. Det betyr at den omfattar spor frå forhistorisk tid til vår eiga tid. Strategien skal gjere tydeleg kulturmiljøa si historiske betyding, kunnskaps- og kjeldeverdi, og kulturmiljøa si identitetsskapande rolle. I tillegg skal den synleggjere kva kulturmiljøa betyr for ei positiv bygde- og byutvikling.

Bevaringsstrategien omhandlar primært den materielle kulturarven som er kulturmiljøforvaltninga sitt primære arbeidsfelt. Samstundes er det mange viktige samanhengar mellom den materielle- og den immaterielle kulturarven, som til dømes vidareføring av kunnskap om tradisjonelt handverk som bidreg til bruk og ombruk av bygningar. Av den grunn er relevante aspekt ved den immaterielle kulturarven ein del av strategien.

Utfordringar og moglegheiter: Av utfordringar knytt til kulturmiljøa vert det i bevaringsstrategien peika på klima, strukturelle endringar knytt til busetjing og demografi, samt endra arealbruk.

Kulturmiljøa i bygder og byar har eit stort potensial og er ein av faktorane som bidreg til å skape gode bygder og byar. Kulturmiljøa er ein ressurs i berekraftig utvikling og mange typar næringsverksemd vil kunne nytte godt av verdiane som ligg i kulturmiljøa. Arealplanlegginga vert her peika på som eit viktig instrument for å kunne nytte kulturmiljøa som ein ressurs i ei berekraftig samfunnsutvikling. Ombruk og sirkulærøkonomi får stadig større merksemd og bevaringsstrategien peikar på bygningsarven som ein verdifull ressurs i det grønne skiftet.

Innsatsområde: Alle bevaringsstrategiane har fire felles innsatsområde. Til kvart av desse innsatsområda er det sett opp forventa effekt og effektmål som strategien skal målast etter. Sjå vedlegg 1 s. 9 for oversikt over innsatsområde, forventa effekt og effektmål.

Deltema: Dei tre deltemaa er logisk bygd opp frå dei store komplekse kulturmiljøa til mindre kulturmiljø knytt til fellesskapet sine kulturmiljø og ned til kulturmiljø knytt til bustadane våre. Strategien har fyljande deltema: Deltema 1. Stedets identitet og særpreg, Deltema 2. Der vi møtes og Deltema 3. Der vi bor.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde i denne høyringa, jf. Reglement for folkevald organ og delegering, delegeringsreglementet, Reglement for fylkesutvalet punkt 7. Høyringsuttale:

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med slike unntak:

- Saker kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala)
- Saker med svært knapp høyringsfrist der mynde er delegert til fylkesordføraren (sjå punkt 4 i reglement for fylkesutvalet)
- Saker der mynde er delegert til andre folkevalde organ eller fylkesdirektør (sjå reglement for delegering etter særlov og reglement for delegering til fylkesdirektøren)

Sakene ein skal gje høyringsuttale om, skal i størst mogleg grad innom fagutvala for uttale før dei går til fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Generelle merknadar til utfordringsbilete og moglegheiter

Fylkesdirektøren finn at *Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø* gjev ei god skildring av utfordringane og moglegheitene knytt til bevaring og bruk av kulturmiljøa i våre bygder og byar. Strategien sitt fokus på arealplanlegginga er etter fylkesdirektøren si vurdering eit godt strategisk grep for å sikre ei føreseieleg og berekraftig utvikling av bygdene og tettstadane, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane i den enkelte staden vert tatt vare på.

Bevaringsstrategien er relevant for dei tre verdsarvstadane i Vestland fylke. Fylkesdirektøren saknar eit tydelegare grep om verdsarven i bevaringsstrategien. Vestland fylkeskommune har tidlegare spelt inn behovet for ein eigen bevaringsstrategi for verdsarven. Då det ikkje vil bli utarbeida ein eigen bevaringsstrategi for verdsarven, er det etter fylkesdirektøren si vurdering svært viktig at verdsarven vert prioritert innanfor dei bevaringsstrategiane som er særskild aktuelle for dei. Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø er svært aktuell for dei tre verdsarvstadane i Vestland. Fylkesdirektøren vil difor rå Riksantikvaren til å inkludere og tydeleggjere verdsarven sin relevans for kulturmiljøa som er omfatta av denne bevaringsstrategien.

Fylkesdirektøren saknar ei vurdering av korleis kjøpesenterutbygginga har påverka stadutviklinga, då vi i Vestland ser at kjøpesenter like utanfor sentrum i mange tilfelle har ein negativ verknad på sentrum som ein attraktiv stad, ved at butikkar og kafear flyttar frå sentrumsområda til nye kjøpesenter utanfor.

Mange av dei kulturhistorisk verdifulle byane og tettstadane i Vestland er ynda reisemål. Dette gjev gode moglegheiter for næringsutvikling, men samstundes er det også ei utfordring for dei mest populære destinasjonane. Problemet med overturisme er stort på enkelte stader, men strategien tek ikkje opp denne problemstillinga. Fylkesdirektøren vil råde Riksantikvaren til å inkludere denne problemstillinga i strategien, slik at den kan vere med å gje grunnlag for å utvikle reiskap for kommunane for å handtere dei store mengdene besøkande.

Om innsatsområda

Innsatsområda med forventa effekt og effektmål er etter fylkesdirektøren si vurdering gode for å både bevare våre verneverdige bygder og byar, samstundes som vi får ei berekraftig utvikling av dei. Innhaldet i handlingsplanen som skal utarbeidast i etterkant av strategien vil etter fylkesdirektøren si vurdering vere avgjerande for om ein klarar å nå effektmåla i strategien.

Om deltemaa

Fylkesdirektøren finn oppbygginga av deltemaa positivt ved at ein går frå eit vidt fokus som ser områda som heilskap og vidare ned til mindre kulturmiljø. Dette grepet gjer at ein får ei heilskapleg tilnærming til temaet for strategien samstundes som ein kan sjå dei tre deltemaa i samanheng.

Deltema 1: Stedets identitet og særpreg

Skildringane av utfordringane knytt til ein stads identitet og særpreg er generelt sett treffande. Men fylkesdirektøren saknar at ein i utfordringsbiletet også tek med bit for bit- utholinga av bygningsmiljøa sin kulturhistoriske verdi gjennom riving, forfall, for lite tilpassa nybygg og «rehabilitering» utan omsyn til kulturminneverdiane. Når det gjeld omtalen av struktur knytt til staden sin identitet og særpreg vil fylkesdirektøren trekkje fram at også tomtegrenser og

eigedomsmønster er viktige strukturar som kan ha sær lang historisk kontinuitet og bidreg til det bygde miljøet sin karakter og særpreg.

Deltema 2: Der vi møtes

Fellesskapet sine bygningar er viktige for både identitetskjenninga og som rammer kring innbyggjarane sitt sosiale liv. Ei utfordring knytt til ny og endra bruk av desse bygningane, slik fylkesdirektøren ser det, er i dei tilfella der ny bruk av fellesskapet sine bygningar fører til at dei vert privatisert og transformert på måtar som kan gå ut over kulturminneverdiane.

Deltema 3. Der vi bor

Når det gjeld bustadshistoria sine kulturmiljø er desse sårbare for alle større og mindre endringar som fyljer tidene sine skiftande behov, ynskje og motar knytt til garasjar og oppkøyrslar, terrassar, takvindauge, påbygg, fornying av kledning med meir. Summen av mange små individuelle endringane som vert gjort over tid på heilskaplege bustadområde, vil kunne føre til eit tap av kulturmiljøet sine kulturhistoriske verdier.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Dei lovheimla oppgåvene fylkeskommunen har som kulturmiljøstyresmakt, skal gjennomførast uavhengig av bevaringsstrategiane. Det gjeld også prosjekt som fell inn under innsatsområda i bevaringsstrategien. Iverksetjing av strategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt.

Klima:

Innsatsområda i bevaringsstrategien vil fanne om fleire av dei prioriterte temaa i Regional plan for klima 2022 – 2025.

Endringar i klima med meir ekstremvær og havstigning er eit trugsmål mot bygder og byars kulturmiljø og det er difor eit viktig tema i bevaringsstrategien. Fylkesdirektøren finn det positivt at bevaringsstrategien peikar på kulturmiljøa i bygder og byar er ein del av løysinga til eit meir klimavenleg samfunn gjennom å utvikle ressursane i den eksisterande bygningsmassen.

Folkehelse:

Aktivitetar knytt til bygder og byar sine kulturmiljø kan fremje god folkehelse gjennom auka frivillig innsats og medverknad. Dette vil også bidra til å skape stadstilhøyr, opplevingar, fellesskap og styrka identitet. I denne samanhengen er det viktig med gode involverings- og medverknadsprosessar. Aktivitetar og tiltak knytt til bygder og byane sine kulturmiljø vil falle inn under innsatsområde 3. Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn i Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 – 2025.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

måla i Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø fell også saman med mange av måla i [utviklingsplanen](#) for Vestland, og måla i [Regional plan for kultur](#)

I utviklingsplanen blir by- og tettstadsutvikling omtalt som ein viktig del av den regionale, by- og bygdeutviklinga i Vestland. Utviklingsplanen peikar på at kulturmiljøa i Vestland er viktige for både stadtilhøyr, estetisk kvalitet og besøkande attraktivitet. Det er eit samspel mellom bevaring og nyskaping i det bygde og naturgjevne miljøet, noko som er avgjerande for å oppretthalde kvalitetane i lokalsamfunna. Det vert også vist til at det er nødvendig å arbeide med bærekraftig reiseliv og besøksforvaltning for å trygge kvalitetane i desse områda. Det blir understreka at enkelte kulturmiljø har fått for mykje besøk, noko som kan forringe verdsarv, trivsel for innbyggjarane og opplevinga til dei besøkande.

Konklusjon

Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø vil, saman med dei andre tematiske bevaringsstrategiane gje retning for mykje av fylkeskommunen sitt vidare arbeid med kulturmiljø. Gjennomføring av tiltak og aktivitetar i strategien vil etter fylkesdirektøren si vurdering bidra til eit auka engasjement for kulturmiljøa, styrke arbeidet med berekraft og bidra til at eit mangfald av kulturmiljø vert tatt vare på. Iverksetjinga av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt. Fylkesdirektøren rår til at det vert utvikla ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.